



# Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015



Kommunal- og moderniseringsdepartementet



## FØREORD


Vi blir stadig fleire innbyggjarar her i landet. Folkeveksten bidreg til ei positiv utvikling av samfunnet vårt og gir oss moglegheiter til å finne nye løysingar for byutvikling, næringsutvikling og transport. Veksten skaper samtidig også press på areal og infrastruktur, og gir utfordringar for klima, miljø og helse.

Ved å samordne arealbruk og transport kan vi sikre god ressursutnytting. Samtidig må vi sørge for at det blir bygd nok bustader, og at alle har gode levekår. I åra som kjem blir det også viktig å leggje til rette for auka verdiskaping, og innovasjon og vekst i nye og grønne næringar.

Planlegging etter plan- og bygningslova er ein viktig felles arena for å møte desse utfordringane. Kommunane og fylkeskommunane har sentrale roller som utviklingsaktør og planstyresmakt i arbeidet for eit sikkert, vekstkraftig og miljø- og klimavennleg samfunn.

Regjeringa bidreg til å sikre raskare utbygging av bustader, arbeidsplassar og samferdsel ved å forenkle regelverket for plan- og byggjesak. Forenklingane gir auka lokalt sjølvstyre og samtidig auka ansvar til fylkeskommunane og kommunane for å sikre gode og langsiktige løysingar.

Gjennom dette dokumentet ønskjer regjeringa å fremje samarbeidet med kommunane og fylkeskommunane om ei berekraftig og meir effektiv areal- og samfunnsplanlegging i åra som kjem.



Jan Tore Sanner

# INNHALD

Føreord .....	3
Korleis dei nasjonale forventningane verkar inn på plansystemet .....	5
<b>Gode og effektive planprosessar</b> .....	7
Enklare regelverk og betre samarbeid .....	7
Målretta planlegging .....	8
Auka bruk av IKT i planlegginga .....	10
Forventningar frå regjeringa .....	11
<b>Bærekraftig areal- og samfunnsutvikling</b> .....	13
Eit klimavennleg og sikkert samfunn .....	13
Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar .....	14
Framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse .....	15
Forventningar frå regjeringa .....	17
<b>Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde</b> .....	19
Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging .....	19
Eit framtidsretta og miljøvennleg transportsystem .....	20
Levande by- og tettstadssenter .....	21
Helse og trivsel .....	21
Forventningar frå regjeringa .....	23

Forsidebilde:  
Jan Haaland ABO plan & arkitektur as

Forordbilde:  
Illustrasjonsfoto [www.colourbox.no](http://www.colourbox.no)

Side 4-5:  
Foto Jan Hausken

Side 8 Fra topp og mot høyre  
Christoffer Horsfjord Nilsen (ungdom)  
Jan Hausken (hvit modell og mobil i hånd)  
Jørgen Brun (byggeplass)  
Illustrasjonsfoto [www.colourbox.no](http://www.colourbox.no)

Side 12 fra topp mot høyre  
Illustrasjonsfoto [www.colourbox.no](http://www.colourbox.no) (sluk)  
Fotolia (oversiktsbilde og jente som skrur)  
Illustrasjonsfoto [www.colourbox.no](http://www.colourbox.no) (skip)  
Jørgen Brun (grønt tak)  
Illustrasjonsfoto [www.colourbox.no](http://www.colourbox.no) (jente i fjellet)

Side 18 fra topp mot høyre  
Maylinn Stomperud (plass) (sykkelstativ)  
Illustrasjonsfoto [www.colourbox.no](http://www.colourbox.no) (dyrking i by)  
Nordland fylkeskommune Erik Veigård (to gutter)  
Jan Haaland ABO plan & arkitektur as (boliger)  
Nordland fylkeskommune Erik Veigård (spill)  
Statens vegvesen (bybanen i Bergen)







# Korleis dei nasjonale forventningane verkar inn på plansystemet

For å fremje ei berekraftig utvikling skal regjeringa kvart fjerde år utarbeide nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dette går fram av plan- og bygningslova § 6-1. Dei nasjonale forventningane skal leggjast til grunn for arbeidet til dei nye fylkestinga og kommunestyra med regionale og kommunale planstrategiar og planar. Dei nasjonale forventningane skal også leggjast til grunn for korleis dei statlege styresmaktene skal ta del i planlegginga. Oppfølging frå alle partar vil bidra til betre samanheng mellom nasjonal, regional og kommunal planlegging, og gjere planlegginga meir føreseieleg og målretta.

Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. Forventningsdokumentet er retningsgivande for regional og kommunal planlegging. Fylkeskommunane og kommunane har ansvar for å finne heilskaplege løysingar, der ein har både lokale forhold og lokalpolitiske interesser og omsyn i tankane – saman med nasjonale og viktige regionale interesser. Forventningsdokumentet er ikkje uttømmende for alle oppgåver og omsyn som kommunane og fylkeskommunane skal sørgje for gjennom planlegginga etter plan- og bygningslova. Ein må derfor sjå dokumentet i samanheng med det regelverket og den rettleinga som gjeld.

Første del av dokumentet handlar om gode og effektive planprosessar. Andre del handlar om planlegging for berekraftig areal- og samfunnsutvikling generelt. Tredje del handlar om planlegging for attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde spesielt.



**Regjeringa legg vekt på raskare prosessar for planlegging av bustad, næring og samferdsel. Samtidig styrkjer regjeringa det lokale sjølvstyret i planlegginga. Dette vil seie at fylkeskommunane og kommunane får større ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser. Gjennom betre samarbeid og effektivisering av planarbeidet er det mogleg å korte ned tidsbruken, samtidig som ein sørgjer for å ta viktige omsyn og overhalde kvalitetskrava. For å sikre raskare prosessar og redusere konflikhtar gjennomfører regjeringa forsøk i tolv fylke der fylkesmennene har fått auka ansvar for samordning av statlege motsegner. Regjeringa gjer også forenklingar i plan- og bygningslova, legg til rette for auka bruk av IKT og forventar at fylkeskommunane og kommunane tek i bruk moglegheitene dette gir.**

## **Enklare regelverk og betre samarbeid**

Forenklingar i plan- og bygningslova skal gi raskare og enklare prosessar. Konkrete endringar som er gjennomførte, er fjerning av femårsfristen for å begynne gjennomføringa av privat detaljregulering. Det er innført nye tidsfristar som skal sikre raskare planbehandling, og reglane om konsekvensutgreiingar er forenkla. Parallelt er det gjort forenklingar i byggjesaksdelen av plan- og bygningslova som skal bidra til raskare byggjeprosessar og reduserte byggjekostnader. Regjeringa vil vurdere fleire forenklingar.

Som planstyresmakt har fylkeskommunane og kommunane ansvar for at planar og avgjerder er baserte på eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag, og at ein

sikrar nasjonale og viktige regionale interesser. Det er viktig at den opparbeidde kunnskapen om miljø og samfunn blir teken aktivt i bruk tidleg i planprosessen. Gode mekanismar for å handtere motstridande interesser i planlegginga vil redusere tidsbruken. Her er tidleg og forpliktande involvering av publikum, relevante styresmakter, partar og interesseorganisasjonar sentralt. Dette kan bidra til å redusere konfliktnivået og tidsbruken, og til å betre kvaliteten på planane. Fylkesmannen skal, saman med andre statlege styresmakter, fylkeskommunen og Sametinget, klargjere kva som er nasjonale og viktige regionale interesser i dei enkelte sakene, og rettleie i korleis ein kan ta omsyn til desse interessene. Slik kan ein løyse eventuelle konflikhtar så tidleg som mogleg, og på lokalt nivå.

Regionalt planforum er i dag etablert i alle fylka i landet og er ein viktig arena for avklaring og samordning av interesser som er knytte til regionale og kommunale planar. Regjeringa oppmodar alle partar om å bruke planforuma aktivt. Ein føresetnad for at regionalt planforum skal bidra til tidleg avklaring av interesser, er at fylkeskommunane sørgjer for gode rutinar og god leiding av møta. Kommunane har eit ansvar for å bruke planforuma aktivt og melde inn viktige saker. Fylkesmannen, andre statlege styresmakter, Sametinget og fylkeskommunen må sjølve prioritere å delta i planforum.

Samarbeid og gode prosessar skal redusere bruk av motsegner. Regjeringa er oppteken av at dei styresmaktene som kan fremje motsegner, legg vekt på omsynet til lokaldemokratiet. Motsegn skal berre fremjast når det er nødvendig for å sikre nasjonale og

viktige regionale interesser, og når tidleg dialog ikkje har ført fram. Regjeringa gjennomfører eit forsøk der tolv fylkesmenn har fått ansvar for å samordne og eventuelt avskjere statlege motsegner til kommunale planar. Føremålet er å betre dialogen mellom statlege etatar og å redusere bruken av motsegner.

Eit godt samarbeid mellom kommunen og utbyggjaren er nødvendig for å oppnå effektiv saksgang og god kvalitet på private planforslag. Kommunen har ansvar for å setje av nok ressursar til planbehandling og for å leggje til rette for føreseielege prosessar. Her er det viktig med gode rutinar for oppstartsfasen, ein klar framdriftsplan for planarbeidet og tidlege og tydelege krav til kvalitet, utgreiingsbehov og dokumentasjon. Omfanget av utgreiing må tilpassast dei enkelte sakene.

### Målretta planlegging

Plan- og bygningslova gir fleksibilitet til å tilpasse planlegginga etter behov. Fylkeskommunane og kommunane bør bruke planstrategiane aktivt for å trekkje fram dei viktigaste utfordringane for regional og lokal samfunnsutvikling, og for å prioritere og målrette planlegginga. Regjeringa er oppteken av at også statlege styresmakter, ikkje krev meir omfattande planlegging enn nødvendig.

Planstrategiane skal vere fleksible reiskapar, og det er viktig å sjå arbeidet med dei kommunale planstrategiane i samanheng med kommunereforma. For kommunar

som arbeider med samanslåing, kan planstrategien også vere ein reiskap for å strukturere denne debatten. For nokre kommunar kan det vere tenleg å lage felles planstrategi. Dette vil likevel vere avhengig av kor langt ein er komne i samanslåingsprosessen.

Klare overordna føringar for areal- og samfunnsutviklinga bidreg til at ein kan behandle detaljplanar raskare og på ein meir føreseieleg måte. I planstrategiarbeidet er det derfor viktig å prioritere ressursar til å oppdatere dei overordna planane.

Ved planlegging av konkrete utbyggingsområde bør kommunane vere medvitne om kva som er tenleg plantype og detaljering, og unngå bruk av fleire plannivå enn nødvendig. Reguleringsplanar bør fastsetje dei viktigaste rammene og gjere desse føreseielege, samtidig som planane må gi rom for praktisk tilpassing. Ein bør gjere ei vurdering av detaljeringsgraden, slik at planane ikkje inneheld unødvendige krav og avgrensingar som gjer gjennomføringa vanskeleg. Samtidig må planane sikre kvalitet og viktige samfunnsomsyn.

Plan- og bygningslova opnar for at søknad om rammeløyve kan følgje reguleringsplanforslaget og bli behandla samtidig. Parallell behandling av plan- og byggjesak kan gi innsparingar i tid og bør brukast meir aktivt. Det er naturleg at oppstartsmøtet for plansaka blir brukt til å avklare om det ligg til rette for parallell behandling.



Plantype eller planstrategi	Fylkeskommunen	Kommunen	Statlege styresmakter	Krav til utgreiing
Regional planstrategi kvart fjerde år	Utarbeide og vedta	Ta del i planprosessen	Rettleie og gi tidlege innspel om nasjonale og viktige regionale interesser	
Regionale planar etter behov	Utarbeide og vedta	Ta del i planprosessen	Rettleie og gi tidlege innspel om nasjonale og viktige regionale interesser	Eventuell konsekvensutgreiing. Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12 der ein rører ved naturmangfald.
Kommunal planstrategi kvart fjerde år	Rettleie og ta del i prosessen. Gi tidlege innspel om nasjonale og viktige regionale interesser innanfor eige ansvarsområde.	Utarbeide og vedta	Rettleie og gi tidlege innspel om nasjonale og viktige regionale interesser	
Samfunnsdelen i kommuneplanen blir rullert etter behov.	Rettleie og ta del i planprosessen. Gi tidlege innspel om nasjonale og viktige regionale interesser innanfor eige ansvarsområde	Utarbeide og vedta	Rettleie og gi tidlege innspel om nasjonale og viktige regionale interesser	
Arealdelen i kommuneplanen blir rullert etter behov	Rettleie og ta del i planprosessen, medrekna organisering av planforum. Gi tidlege innspel om nasjonale og viktige regionale interesser innanfor eige ansvarsområde	Utarbeide og vedta Føre planregister	Rettleie og gi tidlege innspel om nasjonale og viktige regionale interesser	ROS-analyse etter pbl. § 4-3. Konsekvensutgreiing. Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12 der ein rører ved naturmangfald. Eventuelle undersøkingar etter kulturminnelova § 9.
Kommunedelplan for bestemte område, tema eller arbeidsområde etter behov	Rettleie og ta del i planprosessen, medrekna organisering av planforum. Gi tidlege innspel om nasjonale og viktige regionale interesser innanfor eige ansvarsområde	Utarbeide og vedta Føre planregister	Rettleie og gi tidlege innspel om nasjonale og viktige regionale interesser	ROS-analyse etter pbl. § 4-3. Eventuell konsekvensutgreiing. Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12 der ein rører ved naturmangfald. Eventuelle undersøkingar etter kulturminnelova § 9.
Reguleringsplan for større byggje- og anleggstiltak, og andre tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn	Rettleie og ta del i planprosessen, medrekna organisering av planforum. Gi tidlege innspel om nasjonale og viktige regionale interesser innanfor eige ansvarsområde	Utarbeide og vedta Føre planregister	Rettleie og gi tidlege innspel om nasjonale og viktige regionale interesser	ROS-analyse etter pbl. § 4-3. Eventuell konsekvensutgreiing. Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12 der ein rører ved naturmangfald. Eventuelle undersøkingar etter kulturminnelova § 9.

Tabellen viser plan- og utgreiingskrav, kva for planar ein berre skal utarbeide ved behov, og kva for sentralt ansvar dei ulike styresmaktene har i planlegginga.

## Auka bruk av IKT i planlegginga

Regjeringa satsar på meir bruk av IKT for å forenkle offentleg sektor. Auka bruk av IKT i planlegginga vil gi meir effektive og standardiserte planprosessar, og opne for betre innsyn og medverknad for innbyggjarane.

Enkel tilgang til digitale plan- og temadata er ein føresetnad for digital plan- og byggjesaksbehandling. Regjeringa har som mål at flest mogleg arealplanar blir digitaliserte og gjorde tilgjengelege, og at alle kommunar får på plass digitale planregister. Samtidig er det eit mål

at fleire fylkeskommunar og kommunar legg til rette for digital plandialog for å gjere det enklare å ta del i planlegginga. Digital plandialog gir auka tilgjenge for innbyggjarane og gjer at ein kan formidle innspel og synspunkt på ein enklare måte.

Statens kartverk legg til rette for betre tilgang til plan- og temadata gjennom samarbeid om det offentlege kartgrunnlaget med kommunar, fylkeskommunar og andre statlege etatar.

## FORVENTNINGAR FRÅ REGJERINGA TIL REGIONAL OG KOMMUNAL PLANLEGGING

- Fylkeskommunane og kommunane baserer planforslag og avgjerder på eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag, og sikrar nasjonale og viktige regionale interesser.
- Fylkeskommunane og kommunane sikrar samtidig tidleg medverknad og involvering av publikum, relevante styresmakter, partar og interesseorganisasjonar.
- Fylkeskommunane styrkjer regionalt planforum som arena for tidleg avklaring av interesser og konflikter i plansaker, slik at viktige omsyn blir tekne hand om, og slik at ein avgrensar mengda motsegner. Kommunane nyttar regionalt planforum aktivt. Fylkesmannen, andre statlege styresmakter, fylkeskommunen og Sametinget prioriterer deltaking i planforum, og kjem med tydelege signal om kva som er nasjonale og viktige regionale interesser i dei enkelte sakene.
- Fylkesmannen, andre statlege styresmakter, fylkeskommunane og Sametinget legg vekt på det lokale sjølvstyret. Motsegn skal berre fremjast når det er nødvendig for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser, og når tidleg dialog ikkje har ført fram.
- Kommunane tek i bruk moglegheitene som ligg i plan- og bygningslova for prioriteringar og forenklingar. Kommunane oppdaterer overordna planar, unngår fleire plannivå enn nødvendig, sørgjer for tenleg detaljering og tek i bruk moglegheitene for parallell plan- og byggjesaksbehandling.
- Kommunane sikrar effektiv behandling av private planforslag og bidreg til god plankvalitet ved å gi tidlege, tydelege og relevante krav til utgreiingar og dokumentasjon.
- Fylkeskommunane og kommunane sikrar enkel tilgang til digitale plandata gjennom bruk av digitalt planregister og tek i bruk verktøy for digital plandialog og plan- og byggjesaksbehandling.




# BÆREKRAFTIG AREAL- OG SAMFUNNSUTVIKLING

**For å hindre alvorlege klimaendringar må vi i åra som kjem, førebu oss på ei langsiktig omstilling til eit lågutsleppssamfunn. Vi må også tilpasse oss effekten av klimaendringar som allereie skjer. Dette krev at vi tek i bruk sterkare verkemiddel enn vi har gjort til no, og at vi sikrar effektiv ressursutnytting i areal- og samfunnsutviklinga. Samtidig blir det viktig å leggje til rette for auka verdiskaping og næringsutvikling, og innovasjon og vekst i nye og grønne næringar. Regjeringa vil framheve at kommunane og fylkeskommunane har sentrale roller som utviklingsaktør og planstyresmakt i arbeidet for eit sikkert, vekstkraftig og miljø- og klimavennleg samfunn.**

## Eit klimavennleg og sikkert samfunn

Menneskeskapte utslepp av klimagassar er hovudårsaka til klimaendringane dei siste 50 åra. Regjeringa fører ein ambisiøs nasjonal klimapolitikk og forsterkar klimaforliket. Noreg er i dialog med EU om ein felles avtale for reduksjon av utsleppa på minst 40 prosent i 2030, samanlikna med 1990-nivået. Noreg skal vidare bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050.

I 2014 låg dei norske landbaserte utsleppa av klimagassar på 53,8 millionar tonn. Dette er ein auke på 3,5 prosent frå 1990. Etter olje- og gassutvinning og industri er transport den største kjelda til klimagassutslepp. Av utsleppa i Noreg kjem i dag 31 prosent frå transport, og 19 prosent frå vegtransporten åleine.



Utvikling i innanlandske utslepp av klimagassar fordelt på sektorar, 1990–2014. Førebelse tal. KJELDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ.

Trass i økonomisk vekst og høg folkevekst har det samla energiforbruket i Noreg vore relativt stabilt dei siste åra. Dette kjem særleg av energieffektivisering i enkelte sektorar. Transportsektoren og hushalda er store energiforbrukarar. Energiforbruket til transport har auka dei siste åra og utgjorde 27 prosent av energiforbruket innanlands i 2014. Energiforbruket i bustader og fritidshus har flata ut dei siste åra og utgjorde 21 prosent i 2014.

Regional og kommunal planlegging er viktig for å avgrense energiforbruk og klimagassutslepp. Alle avgjerder om lokalisering og utforming av næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester påverkar energiforbruk og utslepp i lang tid framover. For å møte overgangen til lågutsleppssamfunnet må ein leggje stor vekt på effektiv arealbruk og på å

samordne arealbruken og transportsystemet. I nye utbyggingsområde for nærings- og bustadføre mål bør ein utnytte moglegheitene for bruk av spillvarme, jordvarme og sjøvarme. Regjeringa utarbeider nye energikrav som også skal bidra til meir energieffektive og klimavennlege bygg.

Sjølv om vi reduserer utsleppa, vil klimaendringane forsterke dei utfordringane naturforholda i landet vårt allereie gir. Stigande havnivå, auka flaum- og skredfare, meir ekstremvêr og store og intense nedbørsmengder gir auka og nye utfordringar for planlegginga. Naturhendingar har i aukande grad dei siste åra vist at heile lokalsamfunn kan bli ramma, med fare for tap av liv, helse og kritisk viktig infrastruktur. Omfanget av erstatning etter naturskadar har auka vesentleg dei siste ti åra. Klimaendringane omfattar også meir langsiktige effektar på mellom anna naturmangfald og naturbaserte næringar.

Som kunnskapsgrunnlag for planlegginga vil Norsk klimaservicesenter utarbeide klimaprofilar for alle fylka i Noreg. Regjeringa utarbeider også statlege planretningslinjer for klimatilpassing. Retningslinjene skal bidra til at samfunnet blir betre rusta for å møte klimaendringane, og dei skal leggast til grunn ved statleg, regional og kommunal planlegging.

Planlegging for eit sikkert samfunn må også ta omsyn til andre risikofaktorar enn klimaendringane. Det er viktig at arbeidet med risiko- og sårbarheitsanalysar i fylkeskommunane og kommunane er tverrsektorielt, og at det gir eit godt kunnskapsgrunnlag for å førebyggje og redusere aktuelle risiko- og sårbarheitsforhold. Risiko- og sårbarheitsanalysane for utbyggingsplanar bør sjåast i samheng med dei heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysane for kommunen.

## Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar

Noreg har unike naturverdiar som ein må ta omsyn til i planlegginga. Desse verdiane er også ein viktig ressurs for friluftsliv og næringsutvikling. Arealendringar er den viktigaste påverknadsfaktoren for truga natur i Noreg i dag. 87 prosent av dei truga og nær truga artane har blitt eller blir påverka av arealbruksendringar. Mange arealendringar som kvar for seg har små verknader, kan til saman redusere naturmangfaldet vesentleg og føre til at fleire artar og naturtypar blir truga. Det er derfor ei særskild utfordring å sikre ei heilskapleg planlegging der ein ser verknader for naturmangfaldet i samheng for større område og fleire tiltak.


Det er viktig at kommunane og fylkeskommunane har kunnskap om kva dei ulike økosystema har å seie for klimatilpassing. Natur som våtmarker, myr, elvebreidder og skog kan dempe effektane av klimaendringar og er viktig å ta vare på i arealplanlegginga.

Kulturminne og kulturmiljø er viktig for identitet og tilknytning, og er ein viktig ressurs for næringsutvikling. Dei viktigaste årsakene til tap eller svekking av kulturminneverdiane er aukande utbyggingspress og manglande bruk av bygningsmiljø, som følgje av nedleggingar i tradisjonell industri og gardsdrift. Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål. Fylkeskommunen og Sametinget har ansvar for å sørgje for dei nasjonale kulturminneinteressene og støtte kommunane med rettleiing.

Regjeringa bidreg med tilskot til å ta vare på kulturminne, natur og friluftsområde, og bidreg til å styrkje kunnskapsgrunnlaget gjennom kartlegging, forskning og formidling.

## Framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse

Eit hovudtrekk i næringsutviklinga har i mange år vore at primærnæringane og industrien blir meir effektive og har nedgang i sysselsetjinga. Samtidig veks offentleg og privat tenesteyting, og desse næringane blir konsentrerte til byane. Denne trenden er forventa å halde fram i åra som kjem. Industri, landbruk og fiske er likevel viktig i mange kommunar.



### Sysselsette personar etter hovudnæring. Prosent.

KILDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ OG FINANSDEPARTEMENTET 2013.

Regjeringa ønskjer å bidra til næringsutvikling og innovasjon i alle delar av landet. Ein vil leggje til rette for sterke næringsklyngjer, for eit godt samspel mellom by og omland, og for at forskning, utdanning og kompetanse bidreg til framtidig næringsutvikling. Regjeringa har sett i gang eit utviklingsprogram for byregionar som mange kommunar er med i. Kommunane og fylkeskommunane har ei sentral rolle i å leggje til rette for næringsutvikling ved å integrere innovasjon og kompetanse i planlegginga, og i å setje av nok areal til næring.

Tilgang på arbeidskraft med relevant kompetanse og at kompetansen blir halden ved like og vidareutvikla, er avgjerande for at verksemdene skal sikre auka verdiskaping, vekst og likeverdige levekår i heile landet. Regjeringa legg i 2016 fram ein nasjonal kompetansestrategi som femner om dei største utfordringane på tvers av ulike sektorstyresmakter og forvaltningsnivå innanfor utdannings-, arbeidsmarknads- og næringsområda. Regional planlegging gir eit godt utgangspunkt for betre samordning mellom forvaltningsnivå og sektorar, og mellom private og offentlege aktørar på dette feltet.

Landbruket og utmarksressursane er viktige for mat- og planteproduksjon, busetjing og kulturlandskap i Noreg. I tillegg er dei ein viktig ressurs for nye og grøne næringar. Det er eit nasjonalt mål å leggje til rette for auka verdiskaping knytt til ressursane i jord- og skogbruket, mellom anna gjennom satsing på grønt reiseliv, mat med lokal identitet og utnytting av bioenergi.

Under tre prosent av totalarealet i Noreg er dyrka jord. Omdisponeringa av dyrka og dyrkbar jord til andre føremål enn landbruk er redusert, og det er gitt løyve til mykje nydyrking av jord dei seinare åra. Omdisponeringa er likevel omfattande, og det er krevjande å erstatte god matjord. I 2014 blei vel fem tusen dekar jord omdisponert. Det er ei viktig oppgåve i planlegginga å ta vare på god matjord, samtidig som ein balanserer jordvernet mot dei andre behova i storsamfunnet. Regjeringa utarbeider ein nasjonal bioøkonomistrategi for fornying og effektivisering i primærnæringane, og dessutan ein eigen jordvernstrategi.

Planlegginga skal sikre naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsutvikling og samfunnsliv, og samiske interesser får ta del i planlegginga der ho rører ved desse.

Reindrifta er ei arealavhengig næring, og ho er mange stader ein føresetnad for utvikling av samisk språk og kultur. Det er ei viktig oppgåve i planlegginga å sikre reindriftsareala og å vege omsynet til reindrifta opp mot andre samfunnsinteresser. Det er ei særskild utfordring å hindre at mange arealendringar som kvar for seg har små verknader, til saman kan gi varig reduksjon av areal og fleire forstyrringar for reindrifta.

Utvikling av område for fritidsbustader og reiseliv gir grunnlag for viktig næringsutvikling i mange distriktskommunar. Landskapet og friluftslivsmoglegheitene er i denne samanhengen både ein viktig ressurs og eit omsyn ein må ta hand om gjennom kommunal og regional planlegging. For å sikre at vi i framtida kan ta vare på og utvikle utmarka på ein god og effektiv måte, har regjeringa sett i gang eit forenklingsarbeid innanfor utmarksforvaltninga.

Fiskeri- og havbruksnæringane er store eksportnæringar som bidreg til aktivitet og sysselsetjing i heile landet, spesielt i mange lokalsamfunn langs kysten. Regjeringa

vil leggje til rette for ein føreseieleg vekst i lakse- og aureoppdrettsnæringa, der miljømessig berekraft vil vere den viktigaste føresetnaden for regulering av næringa. Den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre dei langsiktige arealbehova i fiskeri- og havbruksnæringane. Samtidig som ein set av nok areal til framtidig havbruk, må ein optimalisere bruken av allereie tildelt areal, og ein må leggje vekt på miljøomsyn. Planlegginga må også sørge for andre samfunnsinteresser og omsyn i kystsona. Regjeringa vil bidra med rettleiing for heilskapleg forvaltning og planlegging i sjø, og dessutan til utvikling av planverktøy og betre kunnskapsgrunnlag.

Noreg har store mineralressursar som det moderne samfunnet har behov for, og utvinning kan gi grunnlag for verdiskaping. Den geofysiske kartlegginga av mineralressursar i Noreg blir vidareført. Kunnskapen kan på sikt gi auka verdiskaping og nye arbeidsplassar. Den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre tilgang til gode mineralreservar i framtida, og for å ta hand om andre miljø- og samfunnsomsyn.



## FORVENTNINGAR FRÅ REGJERINGA TIL REGIONAL OG KOMMUNAL PLANLEGGING

- Fylkeskommunane og kommunane legg vekt på reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering gjennom planlegging og lokalisering av næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester.
- Fylkeskommunane og kommunane tek omsyn til klimaendringar og risiko og sårbarheit i samfunns- og arealplanlegginga og byggjesaksbehandlinga si. Kommunane sikrar at det blir utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalysar for utbyggingsplanar, som gir eit godt kunnskapsgrunnlag for å førebyggje og redusere aktuelle risiko- og sårbarheitsforhold. Ein tek særleg omsyn til naturfarar og eksisterande og framtidige klimaendringar.
- Fylkeskommunane og kommunane identifiserer viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og tek omsyn til desse i regionale og kommunale planar. Den tilgjengeleg kunnskapen blir teken aktivt i bruk, og ein trekkjer fram og tek omsyn til dei samla verknadene.
- Fylkeskommunane legg til rette for betre tilgang på kompetent og relevant arbeidskraft som møter behova i den regionale arbeidsmarknaden. Planlegginga skjer i partnarsskap med utdannings-, arbeidsmarknads- og næringsaktørane, og på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.
- Fylkeskommunane og kommunane samarbeider om planlegging for verdiskaping, berekraftig næringsutvikling og innovasjon i partnarsskap med næringslivet og regionale og lokale aktørar. Ein set av nok areal til næringsutvikling som bidreg til behova i næringslivet, og som er lokaliserte utifrå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- Fylkeskommunane og kommunane sikrar viktige jordbruksområde og legg til rette for nye og grønne næringar som er knytte til jordbruk og skogbruk. Døme kan vere grønt reiseliv, mat med lokal identitet og utnytting av bioenergi.
- Fylkeskommunen og kommunane sikrar naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsutvikling og samfunnsliv, og samiske interesser får ta del i planlegginga der ho rører ved desse. Planlegginga sikrar reindriftsareala samtidig som ho veg omsynet til reindrifta opp mot andre samfunnsinteresser.
- Fylkeskommunane og kommunane sikrar nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsoneplanlegginga og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Arealbehovet blir sett i eit regionalt perspektiv.
- Fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samanheng.
- Fylkeskommunane og kommunane tek omsyn til arealbehovet til Forsvaret i høve til nasjonale forsvarsplanar og når dette er nødvendig for å sikre forsvarsevna til landet.




**Folkeveksten i byane og tettstadene fører til press på areal og infrastruktur, og gir utfordringar for trafikkavvikling, helse og miljø. Samtidig gir veksten moglegheiter til å finne nye løysingar for byutvikling, næringsutvikling og transport. Regjeringa er oppteken av eit godt samarbeid med fylkeskommunane og kommunane om å få ned klimagassutsleppa og å skape velfungerande byar og tettstader for næringsliv og innbyggjarar. God planlegging er avgjerande for å sikre effektiv arealbruk, eit miljøvennleg transportsystem, nok bustadbygging, sunne og trygge omgivnader og gode levekår for alle.**

## Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Folkeveksten i Noreg kjem i stor grad av innvandring og at vi lever lengre. Særleg er veksten stor i byane og tettstadene. Over 80 prosent av innbyggjarane i Noreg bur i dag i byar og tettstader, og det er også her vi forventar den sterkaste veksten dei kommande åra.

Samtidig med at byane og tettstadene veks, er manglande samordning av transportsystem og bustad-, nærings- og arbeidsplasslokaliseringar ei utfordring. For å redusere byspreiing, transportbehov og klimagassutslepp må vi utvikle kompakte byar og tettstader og bygge tett rundt kollektivknutepunkt. Dette reduserer arealforbruk og transportbehov, og styrkjer grunnlaget for kollektivtransport, sykkel og gange. Ny byutvikling og bustadbygging skjer allereie gjennom transformasjon og fortetting mange stader, og det er framleis eit stort potensial for å auke arealutnyttinga i dei fleste byane og tettstadene.



**Forventa folkevekst i kommunane, prosentvis endring frå 2014 til 2040.** KILDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ.

Utbyggingsmønster og transportsystem må samordnast på tvers av kommunegrensene i samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunane og staten. Regjeringa vedtok i 2014 nye statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Desse skal leggjast til grunn både ved statleg, regional og kommunal planlegging, og bidra til ei framtidretta by- og tettstadsutvikling.

Regional planlegging bør avklare utbyggingsmønster og hovudtrekka i transportsystemet. Ein bør trekkje langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde. Den regionale og kommunale planlegginga har også ei viktig oppgåve i å leggje til rette for nok bustadbygging som del av ei samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Dette er særleg viktig i område med press på bustadmarknaden. Ein bør leggje til rette for variert utbygging som er tilpassa behova til ulike grupper, slik som barnefamiljar, eldre og flyktningar. Regjeringa utarbeider ein eigen handlingsplan for å bidra til ein betre fungerande bustadmarknad.

### **Eit framtidretta og miljøvennleg transportsystem**

Folkeveksten skaper auka behov for persontransport, særleg i og rundt byane og tettstadene. Behovet for godstransport er forventa å følgje den økonomiske aktiviteten. Omstillinga til lågutsleppssamfunnet fører til at ein må redusere utslepp frå transport vesentleg.

Regjeringa vil utvikle eit moderne og framtidretta transportsystem som gjer trafikkavviklinga raskare, sikrare og meir miljøvennleg. Mellom regionar er det behov for meir effektive veg- og jernbanesamband. I by- og tettstadsområda er det særleg behov for investeringar i kollektivtransport, sykkel og gange. Prinsippa for samordna areal- og transportplanlegging må leggjast til grunn for framtidig samfunnsutvikling, for å redusere transportbehovet og styrkje miljøvennleg transport.

Regjeringa investerer i store jernbaneløft rundt dei store byane, mellom anna gjennom Intercity-satsinga. Regjeringa forventar at regional og kommunal planlegging støttar opp om satsingane

gjennom høg arealutnytting rundt stasjonsområda. Nasjonal sykkelstrategi, nasjonal gåstrategi og ei eiga påskjønningssordning for tiltak som legg til rette for gang- og sykkelveggar, skal samtidig fremje sykkel og gange som transportformer. Regjeringa oppmodar fylkeskommunen og kommunane om å gjennomføre tiltak som gjer sykling og gange trygt og attraktivt.

I storbyområda er det eit nasjonalt mål at transportveksten skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange. Dette krev stor omstilling og innsats. I dei største byområda bidreg regjeringa til fylkeskommunale og kommunale tiltak for kollektivtransport, sykling og gange gjennom bypakkar og kommande bymiljøavtalar. For å sikre betre samordning av utbyggingsmønster og investeringar i transportnettet innfører ein i tillegg forplikande byutviklingsavtalar mellom staten og storbyområda.

Ei auka satsing på ein konkurransedyktig godstransport og ei berekraftig transportmiddelfordeling er nødvendig. Det er eit nasjonalt mål at ein større del av godstransporten skal skje på sjø og jernbane. Fylkeskommunane og kommunane har i samarbeid med statlege fagstyresmakter ansvar for at godsterminalar og hamner blir prioriterte i planlegginga. Godsterminalar og hamner skal utviklast som effektive logistikknutepunkt, og det skal takast omsyn til farleiene for skipstrafikken. Ein bør søkje å lokalisere verksemder som skaper tungtransport, til område med god tilgang til jernbane, hamner og hovudvegnett.

Regjeringa har som mål å halvere planleggingstida for store veg- og jernbaneutbyggingar. Auka bruk av statleg plan, samordningsforsøket for motsegner og forenklingane som blir gjorde i plan- og bygningslova, er nokre viktige tiltak. Dette vil kunne forenkla prosessane i

store samferdselsprosjekt, men samtidig skal ein ta vare på andre viktige samfunnsinteresser. Fylkeskommunen og kommunane bør bidra aktivt i arbeidet med konseptvalutgreiingar og statlege planprosessar for store samferdselstiltak, og leggje til rette for effektive prosessar og rask behandling av kommunedelplanar og reguleringsplanar.

### **Levande by- og tettstadssenter**

Nærleik til marknader, kompetansemiljø og kvalifisert arbeidskraft gjer at byane og tettstadene får ei stadig viktigare rolle i næringsutvikling og verdiskaping. Byane og tettstadene har også funksjon som knutepunkt for omlandet rundt, og som motor for regional utvikling. Samtidig kjem fleire til å bu i byar og tettstader. Vi må derfor utvikle stader som både er attraktive for næringslivet, og som er sunne og gode å bu i.

Eit levande sentrum med eit variert tilbod av bustader, handel, tenester og kultur er viktig for at byar og tettstader skal vere attraktive og ha konkurransekraft. Mange sentrumsområde har i dag lite liv og aktivitet, samtidig som sentrumshandelen taper marknadsdelar. For å styrkje by- og tettstadssentera er det derfor viktig at kommunane har ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitik, og legg til rette for etablering av både bustader, arbeidsplassar, handel og servicefunksjonar i sentrum. Kompakt by- og tettstadsutvikling vil bidra til auka aktivitet i sentrum, samtidig som korte avstandar mellom bustad og daglege gjeremål gjer kvardagen enklare. God tilrettelegging for gåande vil også gi auka aktivitet i sentrum. Kommunane og det private næringslivet blir oppmoda om å samarbeide om sentrumsutviklinga.

Vi vil i framtida ønskje oss byar og tettstader med både urbane og grønne kvalitetar, og med attraktive byrom,

møteplassar og uteareal. God arkitektur, historiske bygningar og bymiljø bidreg til stadsidentitet og positive opplevingar av sentrum, og er ressursar ein bør utnytte for å utvikle attraktive by- og tettstadssenter.

### **Helse og trivsel**

Nærmiljøet vårt er viktig for helse, trivsel og oppvekst. Støy og lokal luftforureining er faktorar som gir negative helseeffektar i fleire byar og tettstader. Den største forureiningskjelda er vegtrafikk. Barn, eldre og hjarte- og lungesjuka er spesielt sårbare for luftforureining. Det er samtidig ei aukande sjukdomsutvikling knytt til levevanar og ei aldrande befolkning. I ein del byar er det utfordringar knytt til dårlege levekår i enkelte område.

Folkevekst, auka innvandring og ei aldrande befolkning er viktige faktorar for framtidig planlegging knytt til folkehelse, samfunnsutvikling og sosial infrastruktur.

Regjeringa har som mål å skape eit samfunn som fremjar helse hos alle innbyggjarane, som reduserer sosiale helseskilnader, og som fremjar helsevennlege val. Gjennom planlegginga kan fylkeskommunane og kommunane leggje til rette for gode lokalsamfunn og bustadområde, og også for fysisk aktivitet og eit meir helsefremjande miljø. Ein større del eldre vil seie at ein bør leggje til rette for at flest mogleg kan bu heime og klare seg sjølv i kvardagen. Ved å skape felles møteplassar og leggje til rette for deltaking i sosiale og kulturelle aktivitetar kan planlegginga bidra til integrering og tilhørsele for alle innbyggjargrupper.

Fysisk aktivitet kan førebyggje, utsetje eller lindre fleire kroniske sjukdommar. Gjennom planlegginga kan ein leggje gode rammer for ein sunnare livsstil med auka aktivitet for alle innbyggjargrupper. Kommunane kan bidra til auka fysisk aktivitet gjennom å gjere det mogleg

for innbyggjarane å sykle og gå meir i dagleglivet, og ved å sikre god tilgang til område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv for både barn, unge og vaksne. Desse områda bør vere tilgjengelege utan bruk av bil. Arbeidet med å leggje til rette for fysisk aktivitet bør skje i samarbeid mellom kommunane, grunneigarane og idretts- og friluftslivsorganisasjonane. Barn og unge har rett til å delta i og påverke planarbeidet, og dei kan gi viktige innspel om eige oppvekstmiljø.

Sidan veksten i byar og tettstader i stor grad vil skje gjennom transformasjon og fortetting, er det særleg viktig å ta vare på naturverdiane og moglegheitene for friluftsliv i nærmiljøet. Det er også viktig at utbygginga ikkje gjer dei aktuelle områda meir sårbare for naturhendingar og klimaendringar. Samanhengande grønstruktur og opne vassvegar i og rundt norske byar

og tettstader bidreg til naturmangfald, opplevingar, kunnskap og livskvalitet, og kan dempe effektane av klimaendringar.

Universell utforming skal leggjast til grunn i planlegginga for å gjere samfunnet tilgjengeleg for alle, og for å hindre diskriminering av enkelte grupper.

Regjeringa støttar kunnskapsutvikling gjennom midlar til forskning, områdeprogram og ulike pilot- og forbildeprosjekt for by- og tettstadsområde. Plansatsinga som er retta mot dei fire største byområda, skal bidra til framtidsretta byplanlegging, betre bymiljø og auka bustadbygging i storbyområda. Gjennom Husbanken og storbytilskotet blir det også gitt støtte til områderetta fysiske og sosiale tiltak.

## FORVENTNINGAR FRÅ REGJERINGA TIL REGIONAL OG KOMMUNAL PLANLEGGING

- Fylkeskommunane og kommunane fastset regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekka i transportsystemet, medrekna knutepunkt for kollektivtrafikken. Gjennom planlegginga trekkjer ein langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde. Staten, fylkeskommunane og kommunane legg vedtekne planar til grunn for eigne vedtak.
- Den regionale og kommunale planlegginga legg til rette for nok og variert bustadbygging, lokalisert ut frå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- Kommunane sikrar høg arealutnytting rundt kollektivknutepunkt, legg til rette for auka bruk av sykkel og gange i dagleglivet, og sikrar samanhengande gang- og sykkelsamband av høg kvalitet. Ein utnyttar potensialet for fortetting og transformasjon før ein tek i bruk nye utbyggingsområde.
- Fylkeskommunane og kommunane bidreg aktivt i arbeidet med konseptvalutgreiingar og statlege planar for store samferdselstiltak. Kommunane legg til rette for effektive prosessar og rask behandling av kommunedelplanar og reguleringsplanar for samferdselstiltak.
- Kommunane bidreg i samarbeid med statlege fagstyresmakter til at godsterminalar og hamner blir prioriterte i planlegginga, og at desse blir utvikla som effektive logistikknutepunkt.
- Fylkeskommunane og kommunane i storbyområda legg til grunn at transportveksten skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange, og følgjer aktivt opp bymiljøavtalar og byutviklingsavtalar med staten.
- Kommunane har ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitikk for å skape eit godt og levande bymiljø. Kommunane legg til rette for etablering av bustader, arbeidsplassar, handel, service og sosiale møteplassar i sentrum. Ein bør leggje vekt på å få til eit forpliktande samarbeid mellom kommunen og det private næringslivet. Arkitektur, kulturminne, landskapsverdiar, vatn og grøne element blir tekne aktivt i bruk som ressursar i sentrumsutviklinga.
- Kommunane sikrar trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining.
- Kommunane tek vare på naturverdiane og legg til rette for fysisk aktivitet og trivsel for heile folket ved å sikre samanhengande grøne strukturar, opne vassvegar og nær tilgang til område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv.
- Kommunane legg prinsippa om tilgjenge og universell utforming til grunn i planlegging av omgivnader og bygningar.



UTGJEVE AV:

**KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENTET  
I SAMARBEID MED ØVRIGE DEPARTEMENTER**

PUBLIKASJONSKODE: H- 2347 N

DESIGN: MELKEVEIEN DESIGNKONTOR